



# Skjåk kommune

## MØTEPROTOKOLL - KONTROLLVALET

Møtedato:	Tid:	Møtestad:
Tysdag 2.5.23	Kl. 12.30-15.00	Skjåk kommunehus, kommunestyresalen

### Til stades på møtet:

Medlemmar: Arnfrid Austin (leiar), Arild de Presno (nestleiar), Sigrun Kveen, Laurits Ørjasæter.  
Varamedlemmar: Margrethe Øvrelid.  
Meldt forfall: Eldar Eggen.  
Andre: Elin Marit Andgard, sekretær SKNG  
Astrid Haga, Innlandet Revisjon IKS  
Ivar Bø, kommunedirektør  
Odd Gudbrand Aamot, økonomisjef  
Edel Kveen, ordførar  
Inger Helene Brandsar, kommunalsjef

### Saker som vart handsama:

08/23 Nummerert brev frå revisor  
09/23 Kommuna sin årsrekneskap og årsmelding for 2022  
10/23 Orienteringar  
Ope post

### Andre opplysningar:

Møteinnkalling: 25. april 2023  
Møteleiar: Arnfrid Austin  
Referent: Elin Marit Andgard, sekretær SKNG

### Underskriftar

Vi stadfester med underskriftane våre at det som er ført i saksnummer 8-10/2023 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

*Sigrun Kveen*  
*Laurits Ørjasæter*

*Arild de Presno*  
*Arnfrid Austin*  
*Margrethe Øvrelid*

### Utskriftar:

Protokoll fra kontrollutvalsmøtet går til:  
Medlemmar og varamedlemmar av utvalet  
Ordførar og kommunedirektør  
Innlandet Revisjon IKS  
Presse  
SKNG si heimeside

<b>Møtedato:</b>	<b>Journalnr.:</b>	<b>Saksnr.:</b>	<b>Saksbehandler:</b>
2.5.2023	77/2023	8-10/2023	Elin Marit Andgard, SKNG

**Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll:**

Innkalling: Godkjent  
Margrete Øvreid møter for Eldar Eggen.  
Sakliste: Godkjent.  
Protokoll: Protokoll frå 22. februar 2023 godkjent.

**SAK 8/23 NUMMERERT BREV FRÅ REVISOR**

**Vedlegg:**

- Nummert brev nr. 1/2023 – Årsregnskapet 2022

**Saksopplysningar:**

Innlandet revisjon IKS har sendt nummerert brev til kontrollutvalet om kommuna sin årsrekneskap.

Revisor skriv:

"Iht. forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv § 2-6 andre ledd kan bruk av lån i investeringsregnskapet ikke være høyere enn det som er fastsatt i investeringsbudsjettet. Det er i regnskapet for 2022 bokført kr 2 999 667 i bruk av lån som ikke er budsjettert."

I fylgje Kontrollutvalsboka frå Kommunal- og distriktsdepartementet, handsamer kontrollutvalet nummerert brev som eige sak.

Kontrollutvalet skal sjå til at dei forhold som revisor tek opp i nummererte brev, blir retta og følgd opp. I mange høve gjev revisor og kommunedirektør ei orientering til utvalet. Revisor skal årleg gje ei skriftleg oppsummering til kontrollutvalet om forhold som er tatt opp i nummererte brev og ikkje følgd opp. Kontrollutvalet skal handsame også slik oppsummering som eige sak.

**Vurdering:**

Brevet er knytta til årsrekneskapen og sekretariatet foreslår at utvalet handsamer brevet og vidare oppfølging i samband med sak 09/23 som er kontrollutvalets uttale til kommuna sin årsrekneskap og årsmelding.

### **Innstilling:**

Kontrollutvalet kommenterer forholdet som revisor tek opp i nummerert brev nr 1, i samband med utvalets uttale til årsrekneskap og årsmelding.

### **Handsaming:**

Vedtaket var samrøysta.

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet kommenterer forholdet som revisor tek opp i nummerert brev nr 1, i samband med utvalets uttale til årsrekneskap og årsmelding.

## **SAK 9/23 KOMMUNA SIN ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2022**

### **Saksopplysninger:**

#### **Vedlegg:**

- Forslag til kontrollutvalet sin uttale
- Revisjonsberetning
- Årsmelding 2022
- Årsrekneskapen 2022

#### **Bakgrunn:**

Kontrollutvalets oppgåver i samband med kommunas årsrekneskap og årsmelding går fram av kommunelova § 14-3:

*Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.*

Og vidare i Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3:

- Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at*
- *Kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
  - *Regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
  - *Regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.*

Saksutgreiinga nyttar "årsmelding" om dokumentet som kommunelova referer til i samsvar med Kontrollutvalgsboka frå Kommunal- og distriktsdepartementet.

Kontrollutvalets uttale skal knytte seg til utvalets ansvar og rolle i høve til årsrekneskap, årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsmelding. NKRF og FKT har gjeve ut rettleiar om kontrollutvalets rolle for rekneskapet og denne blir nytta i arbeidet til sekretariatet og utvalet.

Årsmelding 2022, årsrekneskap 2022 og revisjonsmeldinga blir lagt fram for kontrollutvalet som grunnlag for å gje ei uttale til kommunas årsrekneskap og årsmelding for 2022. Presentasjonar og drøftingar som blir gjort i møtet og kommunikasjon med revisor gjennom revisjonsåret blir også lagt til grunn. Det kan bety at utvalet kan gjere endringar i sekretariatet sitt forslag til uttale.

Kommunelova §§ 14-6 og 14-7 gjev krav til innhald i årsrekneskapet og årsmeldinga.

Revisjonsmeldinga er revisor sin faglege uttale om årsrekneskapet og revisjonen sin konklusjon på deira arbeid med årsrekneskapet. Meldinga blir gjeve til kommunestyret.

Kontrollutvalets uttale skal saman med revisjonsmeldinga fylgje kommunedirektørens årsrekneskap og årsmelding til kommunestyret via formannskapet.

### **Fakta:**

Årsrekneskapet pr 31.12.22 er gjeve av kommunedirektøren innan kommunelovas frist 22. februar. Som fylgje av at årsmeldinga ikkje var levert innan 31. mars, har revisor gjeve ein førebels revisjonsmelding, som er trekt attande ved endeleg revisjonsmelding. Årsmelding er gjeve 14. april. Revisjonsmelding er datert måndag 24.04.2023. Rekneskapet blir revidert av Innlandet Revisjon IKS. Revisors uavhengighetserklæring er handsama i kontrollutvalet 22.2.23.

Kommunestyret skal handsame årsrekneskap og årsmelding innan 30. juni.

### Om årsrekneskapet:

Samla driftsinntektar var 310,2 mill.kr, ein auke på 34,4 mill. kr (ca 12 %) frå 2021, budsjett-22 var 261,5 mill.kr. Samla driftsutgiftar var 288,8 mill.kr, ein auke på 32,2 mill. (ca 12 %) frå 2021, budsjett-22 var 268,5 mill.kr. Netto driftsresultat var kr 30.001.037. Årsmeldinga gjev god forklaring på rekneskapstala og avvik i høve til budsjett.

Disposisjonsfondet er pr. 31.12.22 kr 59.282.504.

Kommuna investerte i 2022 for 19 mill.kr.

### Om årsmeldinga:

Ifylgje kommunelova skal kommunedirektør rapportere årleg til kommunestyret om internkontrollen. Dette er med i årsmeldinga saman med informasjon om verksemda.

### Mål-oppnåing:

1. Korrigert netto driftsresultat (netto driftsresultat korrigert for premieavvik og bundne fond) skal over tid vere 3 % av omsetning. For 2022 var dette 11,2 %. Målet var også oppnådd for åra 2019-2021.
2. Likviditetsreserve skal vere 8,33 % av utgiftene. Dei siste åra har dette vore 7-8 %.
3. Gjeld i % av driftsinntekter var i 2022 82 %, ein nedgang frå tidlegare år.

### Revisjonsmelding:

Innlandet Revisjon IKS har gjeve ein revisjonsmelding med attarhald og har sendt nummerert brev til kontrollutvalet.

Grunnlaget for konklusjonen med attarhald i revisjonsmeldinga er:

"To investeringsprosjekter fra 2021 og tilsvarende ubrukt finansiering er videreført i 2022, uten at investeringsbudsjettet for 2022 er regulert. Det har medført at det er regnskapsført kr 2 999 667 mer i bruk av lån enn budsjettet. Etter vår mening er det ikke anledning til å bruke mer av lånemidlene enn det som fremkommer av regulert budsjett for 2022. Investeringsregnskapet skulle følgelig vært avlagt med et udekkede beløpet på kr 2 999 667."

Revisor meiner, med unntak av verknaden av høvet nevnt overfor, at:

- Årsrekneskapet oppfyller gjeldande lovkrav og årsrekneskapet gjev i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelovas lover og god kommunal rekneskapsskikk i Norge.
- Årsmeldinga inneheld dei opplysningar som skal gjevast etter gjeldande lovkrav.
- Opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overens med årsrekneskapen.

Revisor uttaler vidare:

- Basert på revisjon av årsrekneskapet og kontrollhandlingar etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag, har leiinga oppfylt sin plikt til å sørge for ordentleg og oversiktig registrering og dokumentasjon av kommunas rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.
- Basert på dei utførte handlingar og bevis som er innhenta, er dei ikkje blitt kjent med høve om gje grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gjev dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Kontrollutvalet har inngått oppdragsavtale med Innlandet Revisjon IKS, men gjev ingen instruksar utover det. Revisor gjev eigenerklæring på sin uavhengighet.

Revisjonsmeldinga oppgjev at dei fylgjer lov, forskrift, kommunal rekneskapsskikk og internasjonale standardar for sitt revisjonsarbeid.

Rapport fra revisjon om forenkla etterlevelseskontroll på økonomiområdet skal ligge føre til 30. juni og vil bli handsama som eigen sak.

### **Konklusjon:**

Årsrekneskap er framlagt innan fristen. Årsmelding er framlagt 2 veker etter fristen og inneheld det som lova krev. Kommuna sine handlingsmål er berre delvis oppnådde.

Revisjonsmeldinga er gjeve etter fristen som ein fylgje av at årsmeldinga var forsinka. Den omtaler alle høve som fylgjer av Kommunelova § 24-8. Revisor tilfredstiller krava til kommunal revisor.

Sekretariatet har ingen opplysningar om høve som kan få betydning for årsrekneskapet eller årsmeldinga. Det har heller ingen informasjon som tilseier at revisjonen ikkje er utført etter Forskrift om kontrollutvalg og revisjon.

På bakgrunn av vurderingar over og det som går fram av årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding, legg sekretariatet fram eit forslag til kontrollutvalets uttale til Skjåk kommunes årsrekneskap og årsmelding for 2022.

Det er forventa at revisor informerer kontrollutvalet om høve som vil være interessant for kontrollutvalet, men som ikkje er av ein slik grad at dei blir rekna for å kunne gje vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapet og med det ikkje er nemnt i revisors melding.

### **Innstilling:**

1. Kontrollutvalet vedtek sekretariatets forslag til kontrollutvalet si uttale til kommunas årsrekneskap og årsmelding for 2022.
2. Kontrollutvalet sender uttala og saksgrunnlaget til kommunestyret med kopi til formannskapet. Uttala skal fylgje kommuna si handsaming av årsrekneskap og årsmelding.

### **Handsaming:**

Kommunedirektør og oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor orienterte og svarte på spørsmål:

- o Kommunedirektør og økonomisjef presenterte årsrekneskap og årsmelding.
- o Innlandet Revisjon IKS v/oppdragsansvarleg revisor orienterte om revisjonsarbeidet og presenterte revisjonsmeldinga.

Sekretariatet informerte om to tal som er feil i utsendte sakspapir; disposisjonsfond og investeringar i 2022. Korrigert pr. mail 28.4.23.

### **Arnfrid Austin kom med forslag om tillegg i uttale:**

Kontrollutvalet har merka seg overskridingar på fleire sektorar. Bakgrunnen for desse kjem fram i årsmelding og rekneskap.

Vedtaket var samrøysta.

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet vedtek sekretariatets forslag til kontrollutvalet si uttale til kommunas årsrekneskap og årsmelding for 2022 med fylgjande tillegg: "Kontrollutvalet har merka seg overskridingar på fleire sektorar. Bakgrunnen for desse kjem fram i årsmelding og rekneskap."
2. Kontrollutvalet sender uttala og saksgrunnlaget til kommunestyret med kopi til formannskapet. Uttala skal fylgje kommuna si handsaming av årsrekneskap og årsmelding.

## KONTROLLUTVALET I SKJÅK KOMMUNE

Til Skjåk kommunestyre (med kopi til formannskapet)

Skjåk, 2. mai 2023  
J.nr. 67/23

### **Kontrollutvalget si uttale til kommunas årsrekneskap og årsmelding for 2022**

Kontrollutvalet har i møte 2.5.23 handsama årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022 for Skjåk kommune i samsvar med kontrollutvalets ansvar og rolle (jamfør Kommunelova §14-3 og Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3).

Kontrollutvalet har basert si uttale på ein gjennomgang av årsrekneskap og årsmelding samt orientering frå kommunedirektør, økonomisjef og revisor i kontrollutvalsmøtet.

Årsrekneskap er gjeve frå kommunedirektør innan fastsett frist 22. februar, medan årsmeldinga er gjeve 14. april (fristen er 31. mars). Dei gjev ein god oversikt over den økonomiske situasjonen for Skjåk kommune pr. 31.12.2022 og innfrir dei lovkrav som er stilte med unntak av avslutning av investeringsrekneskapen.

Årsrekneskapen for Skjåk kommune for 2022 viser eit netto driftsresultat på kr 30.001.037. Kommuna sine handlingsreglar/mål er delvis nådde.

Kontrollutvalet har merka seg overskridingar på fleire sektorar. Bakgrunnen for desse kjem fram i årsmelding og rekneskap.

Kontrollutvalet støttar kommunedirektøren si omtale og vurderingar av den økonomiske situasjonen i årsmeldinga for 2022, og vil gje kommunedirektøren gode ord for ei oversiktleg årsmelding.

Innlandet Revisjon IKS har gjeve ei revisjonsmelding med attarhald, og har sendt nummerert brev til kontrollutvalet.

Revisjonsmeldinga er datert 24.4.2023 og er innholdsmessig i samsvar med Kommunelova § 24-8.

Grunnlaget for konklusjonen med attarhald i revisjonsmeldinga er:

*"To investeringsprosjekter fra 2021 og tilsvarende ubrukt finansiering er videreført i 2022, uten at investeringsbudsjettet for 2022 er regulert. Det har medført at det er regnskapsført kr 2 999 667 mer i bruk av lån enn budsjettet. Etter vår mening er det ikke anledning til å bruke mer av lånemidlene enn det som fremkommer av regulert budsjett for 2022. Investeringsregnskapet skulle følgelig vært avlagt med et udekkede beløpet på kr 2 999 667."*

Revisor syner til Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv § 2-6 andre ledd, der det står at bruk av lån i investeringsrekneskapen ikkje kan vere høgare enn det som er fastsett i investeringsbudsjettet.

Revisor meiner, med unntak av verknaden av forholdet nevnt overfor, at:

- Årsrekneskapet oppfyller gjeldande lovkrav og årsrekneskapet gjev i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelovas lover og god kommunal rekneskapsskikk i Norge.
- Årsmeldinga inneheld dei opplysningar som skal gjevast etter gjeldande lovkrav.
- Opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overens med årsrekneskapen.

Revisor uttaler vidare:

- Basert på revisjon av årsrekneskapet og kontrollhandlingar etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag, har leiinga oppfylt sin plikt til å sørge for ordentleg og oversiktig registrering og dokumentasjon av kommunas rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.
- Basert på dei utførte handlingar og bevis som er innhenta, er dei ikkje blitt kjent med høve om gje grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gjev dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Etter kontrollutvalets på-sjå-ansvar, gjev vi fylgjande informasjon: Kontrollutvalet har inngått oppdragsavtale med Innlandet Revisjon IKS, men gjev ingen instruksar utover dette. Revisor gjev eigenerklæring på sin uavhengigheit og tilfredstillar krava til kommunal revisor. Kontrollutvalet har ingen informasjon som tilseier at revisjonen ikkje er gjort i samsvar med Forskrift om kontrollutvalg og revisjon.

#### Konklusjon:

Revisjonsmeldinga peiker på at det er avvik mellom avslutning av investeringsrekneskapen i høve til budsjett og økonomiforskrifta. Kontrollutvalet meiner at kommunestyret må sørge for rutiner slik at dette ikkje skjer seinare, og at kommunestyret gjer vedtak om korleis dette skal handsamast for 2022.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre høve som kan få noko å seie for kommunestyret sin handsaming av årsrekneskap og årsmelding.

På grunnlag av kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar, tilrår kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for Skjåk kommune blir godkjente slik dei ligg føre.



## **SAK 10/23 ORIENTERINGAR**

### **Saksopplysningar:**

#### Kommuneadministrasjonen orienterer om:

- Statsforvaltaren sitt kommunebilete.
- Status og utfordringar rus og psykiatri.

#### Orienteringer frå sekretariatet:

- Styremøte SKNG 23.2.23 - vedtak
- Status bestilling foranalyse
- Omdanning av SKNG til kommunalt oppgåvefelleskap
- Status saker oversendt til kommunestyret frå kontrollutvalet
- Prosess ved saker frå kontrollutval til kommunestyret
- Fellesmøte alle kontrollutval i NG 16. juni

### **Innstilling:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringane.

### **Handsaming:**

#### **Kommuneleiinga orienterte om:**

- **Statsforvaltaren sitt kommunebilete** ved kommunedirektør Ivar Bø og Inger Helene Brandsar (kommunalsjef helse, omsorg og sosialteneste):
  - Fastlegesituasjonen
  - Miljø
  - Barnevernsomsorgen
  - Kompetanse: Oppdatert kompetanseplan i 2023.
  - Demensomsorg:
  - Rus og psykiatri
  - Sosiale tenester
  - Økonomisk sosialhjelp

#### **Sekretariatet orienterte om:**

- **Styremøte SKNG 23.2.23 – vedtak**
  1. Revisjon av Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap (NGR):  
Kontrollutvalgene i Nord-Gudbrandsdal bestiller en foranalyse fra Innlandet Revisjon IKS som vurderer mulige vinklinger for en forvaltningsrevisjon og/eller eierskapskontroll av Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap IKS. Foranalysen ønskes levert før den 1. juni 2023.
  2. Status forvaltningsrevisjonsrapport Helsesamarbeid NGLMS:  
Styret tar orienteringen til etterretning.
  3. Årsmelding 2022 for SKNG:  
Styret godkjenner årsmeldingen for 2022.  
Årsmeldingen blir oversendt til deltakerkommunene til orientering.

4. Organisering SKNG etter ny kommunelov:  
Styret ber sekretariatet utgreie og legge fram sak om omdanning av SKNG. Inkl. i utgreiinga ber styret om forslag til samarbeidsavtale for kommunalt oppgavefelleskap.
5. Forvaltningsrevisjon: Datasikkerhet:  
Styret tar orienteringen fra Regiondata til etterretning.  
Det bestilles foranalyse til forvaltningsrevisjon om datasikkerhet, med fokus på skolene. Foranalysen ønskes levert til 1. juni.

- **Status bestilling foranalyse**

- Datasikkerheit: I gang.
- Revisjon NGR: I gang.

- **Omdanning av SKNG til kommunalt oppgavefelleskap**

SKNG blir omdanna som følge av ny kommunelov, frå kommunalt samarbeid etter § 27 i gammel kommunelov til kommunalt oppgavefelleskap etter § 19 i ny kommunelov. Ingen andre endring, egentleg kun formalitetar. Styresak 1. juni. Likelydande vedtak om ny samarbeidsavtale i kommunestyret i inneværande valgperiode.

- **Status saker oversendt til kommunestyret**

- Kommunestyret 30. mars PS 28/23 Forvaltningsrevisjonsrapport NGLMS:
  - Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapporten Helsesamarbeid NGLMS til orientering, og ber vertskommuna imøtekomme og rette opp dei forbetringpunkta og dei anbefalingar revisjonen påpeikar.
  - Kommunestyret forventer at kommunedirektør følgjer opp dei anbefalingane i rapporten som gjeld kommunen.
  - Kommunestyret ber kommunedirektøren om å gi kontrollutvalget ein skriftleg attendemelding på korleis anbefalingene er følgt opp eller planlagt å følgje opp, innan to månader etter kommunestyrets behandling.
- Kommunestyret 30. mars: PS 27/23 Årsmelding for kontrollutvalget:
  - Kontrollutvalgets innstilling vedtatt.

- **Informasjon om prosess ved saker fra kontrollutvalget til kommunestyret**

- **Fellesmøte for alle kontrollutval fredag 16. juni**

- Foranalyse forvaltningsrevisjon datasikkerheit.
- Foranalyse forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll NGR.
- Evaluering kontrollutvalsarbeid denne perioda.
- Status oppfylgingsarbeid på forvaltningsrevisjonsrapport NGLMS.

## **Referater**

- Møteprotokoll brannstyret for Lom og Skjåk 23.03.23

## **Vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringane.

## **OPE POST**

- **Spørsmål/saker som kontrollutvalet ynskjer orientering om?**

Utvalget ynskjer orientering om næringsfondet, jamfør årsmelding side 90.

Dei ynskjer orientering når arbeidet med revidering/evaluering er avslutta, m.a. kriterier for støtte, kva har støtta ført til (effekt)?